Dette var også siste gong eldsjela Brynhild Utne inviterte til Draumkvedet-konsert, etter å ha presentert oss for 20 ulike kvedarar. No har Storetveit-kantor Jostein Aarvik teke opp tråden, og har invitert folkesongaren Berit Opheim til å framføre visjonsdiktet – akkompagnert av musikanane Per Jørgensen (trompet) og Sigbjørn Apeland (orgel).



*Draumkvedet vert framført i Storetveit kyrkje søndag 6. januar 2019 kl. 19.00. Billetter ved inngangen. Arrangør: Storetveit kyrkjelyd med støtte frå Bergen kommune.*

**FRAMFØRER DRAUMKVEDET:** Berit Opheim framførte Draumkvedet i Fantoft stavkyrkje i 2005, og kjem no tilbake for neste års konsert i Storetveit kyrkje. (Pressefoto)

TARAN OG STROMMESTIFTELSEN PRESENTERER

# STILLE NATT HELLIGE NATT

TOR ENDRESEN • MARIA HAUKAAS MITTET  
ALEXANDER RYBAK • LISA BØRUD • RUNE LARSEN  
MUSIKERE: TOVE KRAGSET OG OLAV TORGET

**ÅSANE KIRKE**  
Lørdag 1. desember kl 21.00

**TICKETMASTER.NO** TLF: 815 33 133

facebook.com Scandic ticketmaster taran

# Sølvguttenene

GUTTEKORET I NRK

**...kommer til Åsane Kirke**

**Sølvguttenene synger for første gang julen inn i Åsane Kirke.**

**8. desember kl 19**

**Billetter kr 580,- inkl avgift**

Kan kjøpes på [Ticketmaster.no/event/571517](https://www.ticketmaster.no/event/571517) eller i Grieghallens billettkontor.

arr. Bullit AS

# Det store klimaalvoret



**SVELTANDE ISBJØRN PÅ SMELTANDE ISFLAK:** Isbjørnen er heilt avhengig av havisdekket for å finna mat. US Geological Survey har rekna ut at bestanden vil minka med to tredjedelar innan 2050 grunna klimaendringane i polarområda. (Foto: Andreas Weith)

**Dramatikken i klimaendringane gjev grunn for stor uro dersom vi ikkje greier å avgrensa global oppvarming til under to grader, slik Paris-avtala krev. Det handlar om at vi som i dag sit med politisk og personleg ansvar for ei aukande global oppvarming, no må gjera alt vi kan for å hindra at barneborna våre vil gå ei utrygg og farleg framtid i møte.**

---

AV GUNNAR KVÅLE, PROFESSOR EMERITUS,  
UNIVERSITETET I BERGEN, STYREMEDLEM  
I BESTEFORELDRA SIN KLIMAAKSJON

---

Heile Nord-Europa har nyleg opplevd ekstrem tørke og krise for landbruk og matproduksjon. Dette er truleg berre ein forsmak på det som kan skje dersom utviklinga held fram. Livsfarleg hete er ein av mange alvorlege konsekvensar for liv og helse. Ved ei global oppvarming på berre 1,5 grader kan fleire storbyar og mange hundre millionar fleire menneske bli utsett for farleg hete innan 2050.

Klimagassutsleppa må raskt reduserast om vi skal kunna unngå store helseskader i mange deler av verda. Likevel let Noreg klimagassutsleppa få halda fram med å auka. Sidan 1990 har CO<sub>2</sub>-utsleppa våre gått opp med 24 prosent, medan dei i Sverige, Tyskland, Danmark og Storbritannia i same periode er redusert med høvesvis 27, 31, 45 og 53 prosent. Berekningar viser at vi vil gå mot ei global oppvarming på rundt tre gradar, dersom andre land gjer som Noreg.

Politikarar i Noreg har lenge lova store kutt i klimagassutsleppa. Til denne tid har dei brote lovnadane. Det er på høg tid at det vert sett i verk tiltak som monar. Eit kostnads-effektivt tiltak ville vera å redusera oljeproduksjonen og leggja vekk planane om ny oljeutvinning i Barentshavet. Det er ikkje moeleg å bruka olje- og gassressursane i Arktis dersom den globale temperaturauken skal haldast under to grader. Dessutan vil desse ressursane koma på marknaden fyrst om 10-20 år. Men då kan olje og gass ikkje lenger ha nokon viktig rolle i energisystemet i verda.

Verdas naturfond, WWF, melder at den 1. august i år var ressursane på jorda som burde vara ut 2018 alt brukte opp. I år kom denne dagen tidlegare enn nokon gong før. Dette viser at me kvart år brukar mykje meir enn jorda kan tåla. Ved ein livsstil som ikkje er berekraftig, bidreg vi til skade både for fattige som lever i dag og dei som skal ta over etter oss her heime. Vi har difor eit moralsk ansvar for å føra ein berekraftig livsstil.

Mange har peika på kor viktig det er at nokon går føre. «Eksempelets makt» er undervurdert av dei som seier at det

betyr lite kva eg som einskildperson gjer. Sitatet frå Mahatma Gandhi – «du må vera den forandringa du vil sjå i verda» – er ei viktig påminning om kva ansvar vi har. Kanskje ein start kunne vera å avstå frå neste flytur? Vi veit at å reisa med fly er noko av det verste ein kan gjera for å auka den globale oppvarminga. For å redusera denne svært klimaskadelege reisemåten må det politisk leggjast betre til rette for at det vert billegare og meir lettvent å bruka andre reisemåtar.

Nokon må gå føre, anten det gjeld individuelle handlingar eller ny politikk. Slik kan vi alle bidra til eit betre liv for barneborna våre og andre som kjem etter oss. Då kan òg skadane vi påfører fattige som lever i dag bli mindre.

*Innlegget er noe forkortet.*



**Det er ingen  
selvfølge at  
noen ordner  
bursdagsgave**

Tusenvis av barn i Norge opplever at det knytter seg i magen hver dag.

Vil du hjelpe familier som sliter med alkohol- og rusproblemer?

Send VIPPS til 13130 (valgfritt beløp)  
Send SMS "BK VENN" til 2210 (kr. 100)





# Lykkens dør går utover

Gleden over å fylle eget liv med materielle ting er flyktig. Skal du skape noe varig, må du gjøre det sammen med andre, i et fellesskap, enten det er i menigheten, i venneflokken, med dine nærmeste – eller ute i samfunnet.

TEKST: MAGNE FONN HAFSKOR

Da Charles Dickens skrev sin berømte «A Christmas Carol», utgitt like før jul i 1843, var dette med klar adresse mot egoismen i det daværende britiske samfunnet. Godene var urettmessig fordelt, og de rike gjorde hva som helst for å slippe å dele med den fattige delen av befolkningen. Blir vi lykkelige av penger? Kan vi kjøpe oss et bedre liv? Jeg tror ikke det.

Samtidig er dette en fortelling der nettopp penger blir nøkkelen til lykke. Etter nattens vandring med de tre åndene (fortidens, nåtidens og fremtidens), innser den gjerrige Ebenezer Scrooge at egoismen er en ensom sti å vandre på. Han bestemmer seg derfor for, i god kristen ånd, å gi bort penger til fattige; til å dele av egen overflod med sine nærmeste; og til å doble lønnen til tjeneren Bob Charcit, slik at han får råd til å betale for sønnen Tims livsviktige behandling. Penger blir da ikke et mål i seg selv, men et middel til å utrette noe bra.

Det handler om å bry seg om hverandre. «Lykkens Dør den gaaer ikke ind ad, saa at man ved at storme løs paa den kan trykke den op; men den gaaer ud efter, og man har derfor intet at gjøre» lyder et mye brukt sitat fra Søren Kirkegaard, hentet fra hans bok Enten – Eller; også den første gang utgitt i 1843. Umiddelbart lyder dette svært pessimistisk, og passer slik godt inn i vårt bilde av den store danske filosofen. Men er vi ikke egentlig her ved kjernen av hva som er de viktige verdiene i livet?

Vi blir ikke lykkelige av å slå inn døren til oss selv. Vår tids lykkeprofeter forteller oss at saligheten ligger i å kjøpe stadig nye ting, og frister oss med en endeløs rekke glansbilder av nye mobiltelefoner, biler og boliger. Men gleden over å fylle livet med materielle ting er flyktig, ikke minst i en tid der vi ser konsekvensene av vårt overforbruk av klodens ressurser.

Nei, skal du skape noe varig, må du gjøre det sammen med andre, i et fellesskap, enten det er i menigheten, i venneflokken, med dine nærmeste – eller ute i samfunnet.

Har vi da et inkluderende samfunn som er slik innrettet, at det gir rom for uegennyttig innsats for andre? Svaret på det er nok delt; i dag som i Dickens London og Kierkegaards København for 175 år siden. Materialismen har et sterkt grep på oss, og hånd i hånd med materialismen går alltid egoismen. Det er ikke så lett å se andres behov så lenge vi selv har mer enn nok av alt.

Vi må slå døren ut, så andre kan komme inn.



**DEN STORE FAMILIE:** Tittelen sammen med motivet på dette maleriet sier kanskje noe om hvordan verden ser ut dersom vi, billedlig talt, klarer å løfte blikket over det som lokalt kan fortone seg som mørke og truende skyer. (Illustrasjon: «La grande famille», oljemaleri av René Magritte, 1963)

## VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg? Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtalar via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på [kirkens-sos.no](http://kirkens-sos.no)



Å snakke med folk om livet gir mening.

 [www.eidsvaagauto.no](http://www.eidsvaagauto.no) – Følg oss på Facebook 

**EIDSVÅG AUTO AS**

Aut. bilverksted • Karrosseri  
Lakkeringsverksted  
Eidsvågbacken 21 - 5105 Eidsvåg

 **MECA**  
CAR SERVICE  
GODKJENT  
VERKSTED

**Tlf. 55 25 10 20**

 **ASTRI VÅRDAL**

Statsautorisert revisor/autorisert regnskapsfører

Revisjon: aksjeselskap, stiftelser, borettslag mm.  
Regnskapsføring

Ytre Arna      Mail: [astri@vaardal.no](mailto:astri@vaardal.no)  
Tlf: 55 53 14 94      Nettside: <http://www.vaardal.no>

 **Rolf's Matbu og Selskapservice**

EIDSVÅG I ÅSANE • 27 ÅRS ERFARING

**Vi leverer eller du henter!**

**VI LAGER MAT TIL:**

- Konfirmasjon
- Dåp
- Runde dager
- Kurs
- Minnestunder

Eidsvågveien 150 • 5105 Eidsvåg i Åsane  
Tlf: 55 29 26 32 • [post@rolfsmatbu.no](mailto:post@rolfsmatbu.no)  
[www.rolfsmatbu.no](http://www.rolfsmatbu.no)

**Advokatfirmaet**

**Sigrun Pedersen** M.N.A.

Arv/gaver  
Barnerett  
Familierett  
– sambo/ekteskap  
Samlivsbrudd  
Kjøp/salg fast eiendom  
– bolig/hytte

Littleåsvg. 49, 5132 Nyborg.  
Inng. C, 3. etg. (Bergen Kontorhotell)

**Tlf.: 55 18 86 00**  
[advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com](mailto:advokat.sigrun.pedersen@hotmail.com)

**ABATEC TAKSERING**

Taksering av bolig og fritidseiendom, tilstand, verdi og lånetakst, reklamasjon og skade, taksering av tomter, innbo og løsøre. Deltar også på visning og overtakelse av bolig.

 **AT** Jordalsveien 17A, 5105 Eidsvåg i Åsane.  
Mob: 959 34 366  
E-post: [abatec@online.no](mailto:abatec@online.no) • [www.abatec.no](http://www.abatec.no)

 **JC INTERIØR**

**Kjøkken • Bad • Garderobe**

Salhusveien 55, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 53 98 40  
[www.jcinterior.no](http://www.jcinterior.no)

Besøk en av Norges største shop in shop  **LENE BJERRE DESIGN**

**Ull er omsorg**

 **JANUS**  
[www.janus.no](http://www.janus.no)  
Since 1895

Besøk oss gjerne på Janus Kultursenter på Espeland 

 **3/16 TRE Eseksten**

**Julegaver**

Vi har mye fint!

Åsane Storsenter 42  
TLF.: 55 19 82 00



**Det lyser i stille grender** 

Oddgeir Bruaset fortel historiane om korleis nokon av våre kjende og kjære julesongar blei til. Tonefyllge ved Arna og Ytre Arna kyrkjeor, kantor Olav Arne Steinkopf, Thomas Nøkling (saksofon) med fleire. Kom og syng med!

Arna kyrkje, måndag 10. desember kl. 18. Arr. Arna sokneråd, Arna Folkeakademi og Arna Mållag. Billett kr. 100,-

 **ADVOKATGRUPPEN BERGEN**

• Arv/gaver • Familie • Ektepakter • Samliv  
• Kontrakter • Kjøp/salg • Trafikk- og transportrett.

**15 prosent rabatt til nye klienter fra Arna, Åsane og Osterøy! Hjemmebesøk mulig.**

Sandviksbodene 1H-Slaktehuset, 5035 Bergen • Telefon: 920 41950  
E-post: [bernhard.hauge@agbergen.no](mailto:bernhard.hauge@agbergen.no) • [www.agbergen.no](http://www.agbergen.no)



**Pris på bad innen 5 dager!**

Tlf.: 952 25 603 • mail: [post@aogbygg.no](mailto:post@aogbygg.no)

**AOG BYGG AS**

[www.aogbygg.no](http://www.aogbygg.no)

**Kjære leser!**

Bladet du nå holder i er et resultat av innsatsen fra mange frivillige fingre. Likevel er det en del kostnader med produksjonen av hvert blad.

Stor takk til alle dere som har bidratt økonomisk til bladet, dette er med på å gjøre det mulig å utgi bladet. Vi er frimodige nok til å vedlegge en giro i dette bladet i håp om mulig bidrag til fortsatt utgivelse.


Det er mulig å få skattefradrag på gaver der totalt årsbeløp overstiger kr 500.

På forhånd takk til de som finner anledning!

Vennlig hilsen Bjørn Otto Aarheim,  
styreleder for menighetsbladene i Åsane prosti 








*EIN REGNBOGE OVER LIVET: «Eg trur at Gud har tenkt ut, planlagt og forma alt dette vakre vi ser rundt oss i naturen» skriv Solfrid Stein. Biletet viser ein dobbel regnboge, fotografert i ein nasjonalpark i Alaska. (Foto: Eric Rolph)*

Mi tru



# Godt, men sant

Når eg ser rundt meg, forstår eg at Gud er så mykje større enn eg kan fatte.

AV SOLFRID STEIN

Eg trur at Gud er kunstnaren bak den fantastiske jorda vår og det enorme universet. Det som er av ein slik dimensjon at eg ikkje kan fatte det. Eg trur Han har tenkt ut, planlagt og forma alt dette vakre vi ser rundt oss i naturen, og at Han har skapt meg.

Det som også er ufattelig, er at Han som er så stor, også er opptatt av mine gleder og sorger. Min kvardag. Eg trur at Han kjenner meg ut og inn, og veit alt om mine sterke og svake sider, likevel elsker han BETINGELSESLOST! Det verkar for godt til å vere sant. Det fine er at eg har fått erfare det. Guds kjærleik og Guds gode ønske og engasjement for meg. Han ønskjer å bruke tid saman med meg. Og invitere meg til å bruke tid saman med seg.

Å vere kristen handlar om å ha ein relasjon til den treeinige Gud. Vi ber til ein himmelsk Far, som har sagt han vil vere vår forsørgjar. Jesus er vår frelsar, fredsfyrste og rådgjevar. Den Heilage Ande blir vår vegleiar, trøystar og hjelpar. Det skjer noko når vi inviterer Den treeinige Gud inn i liva våre. Den Allmechtige flyttar inn på innsida. Eg får eit rom i Guds hjarte.


Jesus var raus når han møtte menneska som trong han, men også tydeleg. Eg opplever at når han kjem med sitt lys inn i mitt liv, er lyset sterkare enn mørket. Det varmar og avslører. Å bli avslørt når ein har gjort noko dumt kan følast vondt og skamfullt. Eg opplever at Jesus ikkje kjem med fordømming når eg vågar å sjå der lyskastaren treff, og innrømme min veikskap. Han seier: Eg har allereie fiksa det, du er tilgjeven. Han hjelper meg å løfte blikket og sjå inn i hans ansikt. Eit ansikt som er fylt med nåde og sanning.

Eg treng nokon som lyser opp når det er mørkt, for eg har opplevd mørke dagar. Eg øver meg på å stole på at han har kontroll og kjenner vegen eg skal gå. Eg opplever det godt å gå til Gud med alt, også med det vonde og uforståelege, med mine spørsmål og min klage.

Jesus seier: «Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile!» (Matt.11.28). Og Jeremia skreiv i kapittel 29: «For eg veit kva tankar eg har med dykk, seier Herren, fredstankar og ikkje ulukke-tankar. Eg vil gje dykk framtid og von». Godt, men sant.

## Nytt misjonsprosjekt i Ytre Arna

Ytre Arna sokneråd vil framover støtta China Lutheran Seminary, Taiwan. Det er ein felles-luthersk høgskule som utdannar prestar og kyrkjeleg tilsette.



På møtet 28. august vedtok Ytre Arna sokneråd (sak 72/18) at dette vil bli kyrkjelysten sitt nye misjonsprosjekt frå 1. januar 2019. Det skal vera seks ofringar til dette prosjektet kvart år.

Avtalane med Normisjon om arbeid mellom Malinké-folket i Mali og Det norske misjonsselskap om arbeidet dei støttar i Midt-Austen, blir då avslutta.

Me kjem tilbake med informasjon om det nye misjonsprosjektet i første nummer etter nyttår.



## Viss jul er sant

AV INGVAR FLØYSVIK

Viss jul er sant, då er det ein stor ting å vere menneske. Gud vart menneske. At Skaparen blir ein del av det skapte, høyrest utenkjeleg ut. Men Bibelen seier at Gud skapte mennesket i sitt bilete. Det skil oss frå kyr og delfinar. Gud vart menneske og skjemmest ikkje ved å kalla oss sysken.

Viss jul er sant, då har Gud kome til oss. Utan jul har agnostikaren rett, me kan ikkje vita noko sikkert om Gud. Me kan sjå på naturen og meina ein kosmisk kunstnar står bak, sjå at han må vera glad i fargar og variasjon, gle oss over alt det vakre han har gjort. Men kven er han, kva tenkjer han om oss menneske, kva planar har han for framtida, det veit me ikkje utan jul.

Viss jul er sant, då var me ille ute utan. Skal ein frelsar vera så stor ei glede at Gud sender englar frå himmelen til å fortelja, då må menneska ha bruk for berging. Jul stadfester det som Moseboka fortalde, at mennesket hadde vend seg frå Gud og vorte jaga ut frå paradishagen, at folk lever liva «austanfor Eden», at vegen frå menneske til Gud er stengd. Anten me ser på det me sjølve balar med, eller alt som går føre seg ute i verda, så skjønar me òg greitt at her er mykje som ikkje kan gå saman med ein heilag Gud og ei fullkomen framtid.

Viss jul er sant, då er det fødd ein frelsar i Davids by, ikkje «once upon a time», men medan Kvirinius var landshovding i Syria. Denne frelsaren er den lova Messias og Herren sjølv. Han skulle bera våre synder, ordna forholdet til Gud og opna vegen til livet saman med han som skapte oss i sitt bilete. No kan Gud ha si glede i menneske, no kan Gud vera vår Far.

Viss jul er sant, då må me få tak i denne julegåva, han som seinare gav livet sitt for oss på krossen, som overvann døden og lét etter seg ei tom grav der englar forkynte for sørgjande kvinner at Jesus er oppstaden, og vende sorga til jublande glede.

Kyrkja sin bodskap er, og vil alltid vera: Jul er sant.

**Gledeleg jul!**

## SLEKTERS GANG

### Døypte:

#### ARNA SOKN

- 09.09.2018 SINDRE ARNETVEDT
- 09.09.2018 EMILIE TØKJE JØRGENSEN
- 09.09.2018 JOSEFINE SIGLEVIK MJELDE
- 09.09.2018 WILLY REKNES ROLLAND
- 23.09.2018 MADELEN HAUGE ROLLAND
- 23.09.2018 VILJAR HOPSDAL TUFTE
- 14.10.2018 MARTIN ROSENVINGE ARNTZEN
- 14.10.2018 KINE MONSEN MILDE
- 14.10.2018 PHILIP SKJELNES MJELDE
- 14.10.2018 RIKKE EMILIE ROMSLO
- 21.10.2018 SVERRE GRØNLIEN HUNDERSHAGEN

#### YTRE ARNA SOKN

- 21.10.2018 HENRY WU HJELMEN
- 21.10.2018 JOHANNES SÆVDAL RØNNEVIK
- 21.10.2018 EMILIE OLSEN
- 21.10.2018 LAURA KARLSSON VIKNE
- 20.10.2018 SANDER STRØMSNES BIRKELAND
- 14.10.2018 ELINA VIK RIVENES (OS KYRKJE)
- 09.09.2018 ANDREAS NORDEIDE RØDGLAND
- 26.08.2018 LEANDRA VAN KOEHLER (SALHUS KYRKJE)
- 12.08.2018 LUCAS ANDRÉ ÅSHEIM SVÅSAND

### Vigde:

#### ARNA SOKN

- 01.09.2018 MALI FOLLAND OG CATO SÆBØ
- 29.09.2018 MIRIAM SANDNES OG ANDERS SOLBERG TREFALL

### Døde:

#### ARNA SOKN

##### Gravferd:

- 31.08.2018 ELDBJØRG YSTANES
- 07.09.2018 KLARA WIK
- 11.09.2018 KAARE RUNDHOVDE
- 20.09.2018 ROLF HAUGLAND
- 21.09.2018 AUDUN MØLLERUP BOGE
- 25.09.2018 SVEIN ROGER MOSTUEN
- 28.09.2018 HELGA EIDE
- 12.10.2018 ELIAS ELIASSEN
- 16.10.2018 ANLAUG KARIN SKULSTAD WANGEN
- 26.10.2018 JENS KÅRE MJELDHEIM

#### YTRE ARNA SOKN

- 07.09.2018 VIGDIS HAUGLAND LANGELAND
- 13.09.2018 ÅSE KVAMME
- 25.09.2018 INGUNN AALAND TRETTEENES
- 11.10.2018 KJELLAUG PRESTEGÅRD
- 12.10.2018 PAUL ODDVAR A. HJERTØ

## Retreatkveldar i Takvam kapell

Tidlegare har Arna kyrkjelyd arrangert retreatkveldar i Arna kyrkje – til dels i ramma av «Tomas-messe». Etter ein pause på nokre år, blir det igjen retreatkveldar – denne gongen i Takvam kapell.

Vi vil koma tilbake med nærare orientering, men notér følgjande datoar: **7. mars og 2. mai.**

## Bibeldagen 2019

Bibeldagen 2019 blir 17. februar. Denne gongen er prosjektet «Bibelen til nye språk i Etiopia».

Med meir enn 80 språk, er det mange som ventar på bibel på morsmålet sitt. Og på Bibeldagen kan norske kyrkjelydar vera med å hjelpa. I mange år har dei ulike forsamlingane i Arna feira Bibeldagen saman.

# Velkommen til kyrkje

## 18.11.2018

26. søndag i treeiningstida Joh 9,1-7,35b-38  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Marthe Østerud Bjerke. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet, sundagsskule.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Øystein Skauge og Ingvar Fløysvik. Bergen skipperforenings shantykor. Dåp, nattverd. Takkoffer til Stefanusalliansen, sundagsskule.

## 25.11.2018

Domssundag/Kristi kongedag Matt 25,1-13  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp, nattverd, takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, sundagsskule.

## 02.12.2018

1. søndag i advent Matt 21,10-17  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Tro og medier.

**Ytre Arna kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste. Lys Vaken. Ingvar Fløysvik. Dåp. Ytre Arna barnevokal. Takkoffer til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.  
**Ytre Arna kyrkje kl. 19.00:** Lysmesse. Nattverd. Ytre Arna kyrkjeband. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

## 09.12.2018

2. søndag i advent Joh 16,21-24  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Temagudsteneste: «Ein kyrkjelyd som ventar store ting av Gud, og vågar store ting for Gud.» Jan Kåre Jakobsen. Dåp, nattverd, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet, sundagsskule.

## 16.12.2018

3. søndag i advent Joh 5,31-36  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til Kristent interkulturelt arbeid (KIA).

## 24.12.2018

Julaftan Luk 2,1-20  
**Arna kyrkje kl. 13.00:** Familiegudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Arna kyrkje kl. 14.30:** Familiegudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Arna kyrkje kl. 16.00:** Gudsteneste. Marthe Kristine Østerud Bjerke. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

**Ytre Arna kyrkje kl. 15.00:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Arna skulekorps. Takkoffer til arbeidet mellom Malinké-folket i Mali (Normisjon).

**Ytre Arna kyrkje kl. 16.15:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Ytre Arna barnevokal. Takkoffer til arbeidet mellom Malinké-folket i Mali (Normisjon)

**Takvam kapell kl. 15.00:** Gudsteneste. Berte Marie Ulveseter.

## 25.12.2018

Juledag Joh 1,1-14  
**Arna kyrkje kl. 12.00:** Høgtidsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt.

**Ytre Arna kyrkje kl. 12.00:** Høgtidsgudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Ytre Arna vokal. Takkoffer til NMS-støtta arbeid i Midt-Austen.

## 30.12.2018

Romjulssundag Luk 2,25-35  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Marthe Kristine Østerud Bjerke. Dåp. Takkoffer til Kristen Arbeid Blant Blinde og Svaksynte.

## 31.12.2018

Nyttårsaftan Matt 11,25-30  
**Arna kyrkje kl. 23.15:** Midnattsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen.

## 06.01.2019

Kristi openberringsdag Joh 12,42-47  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet

## 13.01.2019

2. søndag i openberringstida Joh 1,29-34  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Marthe Kristine Østerud Bjerke. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag, Sundagsskule.  
**Ytre Arna kyrkje kl. 11.00:** Temagudsteneste. Ingvar Fløysvik. Ytre Arna vokal. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.

## 20.01.2019

3. søndag i openberringstida Joh 1,15-18  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Barnas misjonsdag. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet i kyrkjelyden

## 27.01.2019

4. søndag i openberringstida Ordt 14,21-11,25,31  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Temagudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Dåp. Nattverd. Takkoffer til TGIF. Sundagsskule.

## 03.02.2019

5. søndag i openberringstida Joh 5,1-15  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Ingvar Fløysvik. Nattverd. Takkoffer til Norsk luthersk misjonssamband

## 10.02.2019

6. søndag i openberringstida Mark 13,21-27  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Gudsteneste. Jan Kåre Jakobsen. Dåp. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.  
**Ytre Arna kyrkje kl. 11.00:** Familiegudsteneste. 6-årsbok. Ingvar Fløysvik. Dåp. Nattverd. Ytre Arna barnevokal. Takkoffer til misjonsprosjektet.

## 15.02.2019

Fredag etter 6. søndag i openberringstida  
**Ytre Arna kyrkje kl. 21.00:** Ungdomsgudsteneste, TGIF. Marthe Kristine Østerud Bjerke. Nattverd.

## 17.02.2019

Såmannssundagen Matt 13,24-30  
**Arna kyrkje kl. 11.00:** Felles bibeldagsgudsteneste. Jan Kåre Jakobsen + pastorar. Nattverd. Takkoffer til Bibelselskapet.

**Sundag 20. januar kl. 11.00 blir det familiegudsteneste i Arna kyrkje med fokus på misjon («Barnas misjonsdag»). Etter gudstenesta blir det servert ein enkel varmrett i kyrkjelyds-huset. Deretter blir det misjonsfest.**

**På julaftan kjem Berte Marie Ulveseter – direkte frå Sudan – og held julaftansgudsteneste i Takvam kapell kl. 15.**

## YTRE ARNA OG ARNA KYRKJELYDAR

Tlf: 55 36 22 70

E-post: arna.menighet@bergen.kirken.no  
ytre.arna.kyrkjelyd@kyrkja.no

Postadresse: Arna kyrkjekontor  
Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Heimeside Arna kyrkjelyd: www.arnakyrkje.no

Heimeside Ytre Arna kyrkjelyd:  
kyrkja.no/ytrearna

Arna kyrkjelyd på Facebook:  
www.facebook.com/arnakyrkje

Ytre Arna kyrkjelyd på Facebook:  
www.facebook.com/ytrearna

Vil du gje ei gåve til kyrkjelydane?  
Kontonummer Arna: 3633.07.10831  
Kontonummer Ytre Arna: 3633.30.02625

Besøksadresse: Lakslia 21, (Kyrkjelyds-  
huset)  
Indre Arna

Opningstid: Tysdag til fredag 10 – 14  
Torsdag 10-13

Kirketorget i Aasegården tar i mot henvendelser  
ang. dåp, vigsel og gravferd: Tlf.: 55 59 32 10.

Soknerådsleiar Arna: Kari Secher

Soknerådsleiar Ytre Arna: Jorunn Haukås

## DEI TILSETTE I KYRKJELYDANE

Sokneprest Jan Kåre Jakobsen

Epost: jj656@kirken.no

Tlf: 55 36 22 74

Tlf: 55 24 42 48 – heim

Sokneprest Ingvar Fløysvik

Epost: if952@kyrkja.no

Tlf: 55 36 22 75

Tlf: 916 06 626

Prostiprest Marthe Kristine Østerud Bjerke

Epost: mo757@kyrkja.no

Tlf: 55 36 22 79

Tlf: 970 92 559

Kateket Cathrine Snipsøy

Epost: cs262@kirken.no

Tlf: 55 36 22 72

Adm.leiar i Arna: Marianne W. Fanebust

Epost: mf934@kirken.no

tlf: 55 36 22 71

Adm.leiar og medarbeidarkoordinator

i Ytre Arna: Bente Vevle

Epost: bv467@kyrkja.no

Tlf: 55 36 22 73

Medarbeidarkoordinator Arna

Møyfrid Opheim

Epost: mo532@kirken.no

Tlf 55 36 22 78

Trusopplærer i Arna: Gro Eman

Epost: ge427@kirken.no

Kyrkjetenar Monica Ohr

Epost: mo886@kirken.no

Tlf.: 55 36 22 76

Diakon Ytre Arna: Marit Bjørsvik

Epost: mb588@kyrkja.no

Tlf.: 480 23 145

Kantor i Arna: Olav Arne Steinkopf,

Epost: os377@kirken.no

Tlf.: 55 36 22 98

Kantor i Ytre Arna: Bjørn Bergmann

E-post: bjorn.bergmann@bkkfiber.no

Marianne Hjortland trusopplærer

og diakonimedarbeidar

E-post: mh798@kyrkja.no

Tlf.: 55 36 22 95

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Arna kyrkjekontor, Lakslia 21, 5261 INDRE ARNA.

Utgevar: Sokneråda i Arna

Redaktøransvar: Magne Fonn Hafskor  
mobil: 92294877 / epost: eyecu@online.no

Annonsesvarlig: Torill Hatlebrekke Husebø  
Mobil: 995 50 787 / epost: thh@bkkfiber.no

Lokal redaksjonsnemnd: Tor Oddvar Holmefjord,  
Ingvar Fløysvik, Harald Haugsvær og Audun Stølås.

Blad nr. 1-2019 torsdag torsdag 7. februar  
Frist for levering av stoff er: fredag 18. januar.

Redaksjonen blir avslutta: fredag 25. januar.

Redaksjon kyrkjelydsblad Arna:  
tor.holmefjord@bkkfiber.no



## Det lir mot jul

Det er med stor glede vi igjen presenterer ei oversikt over ulike advents- og julearrangement i kyrkjer og bedehus i Arna. Vi ber om orsaking viss noko har falle ut eller tidspunkt skulle vere feil. Merk at det er inngongspengar på fleire av konsertane. For lysmesser og julegudstenester, sjå gudstenestelista.

**Ytre Arna**  
Felles julekonsert  
Ytre Arna kyrkje søndag 16. desember kl. 16.00

**Julekonsert med Arne sangforening**  
Ytre Arna kyrkje tysdag 18. desember kl. 19.30

**Julekonsert med Ytre Arna Vokal**  
Søndag 20. desember kl. 19.00. Dirigent Bjørn Bergman.  
Bill. kr. 100,-

**Julefest for heile familien på Haugland skule**  
Fredag 28. desember kl. 17.00. Arr: Haugland søndagsskule

**Arna**  
Vi syng jula inn i Betamia Lone  
Sundag 9. desember kl. 16.00

**Julekonsert med Amacing koret**  
Arna kyrkje torsdag 6. desember kl. 19.00

**Julekonsert med Arna og Ytre Arna kyrkjekor og Oddgeir Bruraset**  
Arna kyrkje laurdag 10. desember kl. 19.00

**Julekonsert med Alliansekorpset - Arna kyrkje laurdag 15. desember kl. 18.00**

**Julekonsert med Haukeland Songlag**  
Arna kyrkje søndag 16. desember kl. 18.00 og 20.30

**Julekonsert med Unnelandskoret**  
Arna kyrkje onsdag 19. desember kl. 19.00

**Julefest for heile familien i Betania Lone**  
Laurdag 29.12 kl. 17.00

**Julefest for alle i Arna kyrkjelydshus**  
Laurdag 5. januar kl. 16.00. Arr: Arna Sokneråd / Klubben for funksjonshemma

velkommen til

# YA vokal

## Julekonsert

torsdag 20. desember 2018  
kl 19:00  
i Ytre Arna kyrkje

Dirigent: Bjørn Bergmann  
Bill. pris: 100,-

## Det lyser i stille grender

Arna kyrkje, måndag 10. desember kl. 19

### Oddgeir Bruaset

fortel historiane om korleis nokon av våre kjende og kjære julesongar blei til.

Tonefølgje ved **Arna og Ytre Arna kyrkjekor**, kantor Olav Arne Steinkopf, Thomas Nøkling (saksofon) med fleire.

**Kom og syng med!**

Billett kr 100,-. Arr. Arna sokneråd, Arna Folkeakademi og Arna Mållag

## Temagudstenester i Arna kyrkje

- 27. januar: På same lag
- 24. januar: Spel kvarandre gode!
- 24. mars: Riktig mann på riktig plass
- 28. april: Hesteskofelleskapet